
Vår referanse 2021/1204-6
Dato 23.02.2021

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til søknad om planendring for Kvammadalselvi kraftverk i Aurland kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde ved sakhandsamar Silje Øvrebø Foyn.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som blir råka av planendring. I søknaden står det at ny veitrase til stasjonen vil ta mindre jordbruksareal og meir skogsareal enn opphavelig omsøkt. Det er positivt at flytting av stasjonen fjernar stasjonsbygningen og veg bort frå naturtype kulturmarkseng/slåtteeeng. Det er likevel eit potensiale for funn av førhistoriske utmarkskulturminne i dette området.

Vestland fylkeskommune har tidlegare stilt krav til gjennomføring av ei arkeologisk registrering innafor planområdet for Kvammadalselvi kraftverk. Registreringa skal oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jamfør § 9 i lov om kulturminne. Vi ber tiltakshavar ta kontakt i god tid før tiltak etter planen skal setjast i verk.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

AURLAND KOMMUNE

Vangen 1

STATSFORVALTAREN I
VESTLAND

Njøsavegen 2